

Rundskriv R

Til samtlege departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-7/2006

Vår ref
06/4533 C IMH/SBP

Dato
29.09.2006

Statsbudsjettet 2006. Tilleggsøyvingar i haustsesjonen – ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for Regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsøyvingar hausten 2006. Finansdepartementet ber derfor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsøyvingar for 2006 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld også saker om overskriding av mindre omfang som i tråd med løyvingsreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon. Finansdepartementet gjer også merksam på at det kan vere naudsynt å sette ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 25. oktober 2006.

Forslaga skal fordelast på kapittel og poster med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1000 kroner:

- Rekneskap 2005
- Saldert budsjett 2006 + tilleggsøyvingar hittil
- Tilleggsforslag 2006

I Hovudbudsjettskrivet for 2007 blei departementa bedne om å sende inn overslag for behovet for tilleggsøyvingar for 2. halvår 2006 innan 14. august 2006. For at forslaga skal bli handsama, må departementa sende inn konkrete forslag nå. Det er ikkje tilstrekkeleg å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at Regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsøyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som blei godtekne. Fristen for å leggje fram slike proposisjonar er 24. november 2006.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2006 vil etter planen bli fremja i statsråd fredag 1. desember 2006.

Med helsing

Espen Aasen e.f.
avdelingsdirektør

Ingvild Melvær Hanssen
førstekonsulent

Sakshandsamar: Ingvild Melvær Hanssen, tlf: 22 24 41 42